



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:
09/702-2/K2-J81/ØVI

Direkte innval:
56 52 70 24

Stad/Dato:
02.12.2009

Reglement for prøvetaking private brunnar

I HST-sak 056/09 av den 21/10-2009, vart det gjort eit slikt vedtak i pkt 2:
”For bueiningar der det kan dokumenterast at vassforsyningsanlegga har god nok
hygienisk kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet, kan det gjevast fritak for tilkoplingsplikta
etter søknad.”

Administrativt vedtak den 2. desember 2009 lyder slik:

1) Det skal leverast inn prøver for månadane februar, mai, august og november.

2) Dei skal analyserast ved godkjent laboratorium etter desse parametera :

Type analyse	Maks tillate verdi	Maks tilrådd verdi	Kommentar
Koliforme bakteria Colilert	0		
E.coli Colilert	0		
Total kimtal 22 °C etter NS 6222		100 *	* Kan dispenserast frå ved ymse høve
Leidningsevne etter NS 7888	40		
pH-verdien etter NS 4720	6,5 - 9,5	7,5- 8,5	* Kan dispenserast frå ved ymse høve
Oksygeninnhald			Som orientering om prøve kvaliteten.

3) Prøvetakingane skal varslast til heradet på førehand.

4) Heradet kan levere inn prøvene for søkjar i samband med at heradet likevel skal levere sine regelmessige prøver til Matlaboratoriet. Føresetnad er at det er gjort avtale om dette i førevegen.

5) Laboratoriet skal sende kopi av analyseresultatet til Ulvik herad ved VA-ansvarleg ingeniør.

